



Høne frå Boligane på Påfonndajen

INNKOMNE INNSPEL:

Sirkustelt på omgang • Fjellfestival • Møterekke på Vinjar. Idékokeriet • Lokalhistoriekvelder • Artikkelsamling om lokale personar som har utmerkt seg • Krigsminnesmerke i Vinjesvingen • Flytting av Forsvarsmuséet frå Åmot til Vinjesvingen • Skilting av Vinjesvingen • Flytte 60-sone-skiltet i Vinjesvingen • Prøve å få gartneriet i Smørklepp i drift • Eit stad- og kunstprosjekt med utgangspunkt i dei 8 bruene • Eit kunst- og kulturprosjekt som synleggjer eller forhold seg til historiske bygningar og stader, men som har som mål og skape nytt liv, nytt blick • Eit folkehelsekultur- og verdirelatert prosjekt som ei vidareføring av den tradisjon ein finn for dette i området • Oppstart av Vinje segle-og regattaklubb • Skøytebane ved skulen (plastikk, modul) • Rydding av svingen mellom avkøyringa til Sandnes og kyrkja for å få fin utsikt over Vinjeplatane når ein rundar svingen • Få tak i islendingar • Filmkvelder • Gjeninnføring av Våmartveitdagane • Pluss diverse mindre aktivitetstiltak så som karaokekvelder, datakurs, fiskekonkurranse m.m.

Frå den grønne innspelskassa på Vinjar. Lappar frå ungane på skulen:

Opprydding på Sandnes son at det blir fint og bade der • Kafe, fleire hus og bu i • Få handball og meir aktivitetar • Volvo 240 æ best!! • Toalett på Sandnes • Kiosk på Sandnes med is og aviser • Kinosal på Vinjar, teater sang og dans • Ein stor gul mann, som ongar og store ongar og vaksne kan KLATRE PÅ • Bygge meire hus, og leige ut fleire hytter osv. • Parkeringsplass til Sandnes • Grønt epletre.

Er nokre av desse innspela noko DU kan tenkje deg å jobbe med? Sei ifrå. Det er dei innspela der fleire ynskjer å dra ilag som me kan ha håp om å få gjennomført.

Har du andre innspel, eller er det noko du lurar på? Ring eller skriv til prosjekt koordinatør Silje Hegg på tlf: 95 81 61 18 – silje@livivinje.no.

Bøgrend Auto Fest!

Det vert festival på Bøgrend Auto 6.-8. august! Havresekken Bukking som til dagleg held til i Oslo, samarbeider med Liv i Vinje om 3 dagar med konsertar og moro i Vinje. Havresekken seier: "En kveld i måneden gir vi deg artister du ikke veit at du liker, sanger du ikke har hørt, på steder du ikke visste du kom til å trives." Me treng frivillige til alt mogleg rart, og enkel overnatting for publikum, så sei ifrå om du kan tenkje deg å hjelpe til! Me kan garantere god stemning og flotte artistar! Hald deg oppdatert på heimesida og på Facebook. Informasjon om programmet kjem snart. Havresekken Bukking kan du lesa meir om på www.havresekken.no. Dei er også på Facebook og Twitter om du søker på Havresekken.

LIV I VINJE

Bygdebrev #2

TIL ALLE HUSSTANDANE I VINJE SKULEKRINS JUNI 2010

LIV I VINJE ER INNE I EIT FORPROSJEKT OG TEK FRAMLEIS IMOT INNSPEL OM KVA ME BØR VELJE Å SATSE PÅ I EIT HOVUDPROSJEKT (2011-2012)

Sidan dette er eit dagnadsprosjekt, er me avhengige av at det ligg dagnadsvilje bak innspela for å få til gjennomføring. Når me gjennom forprosjektet har undersøkt kva som kan vera realistisk og klokt å satse på, må me lage ein prosjektplan for eit hovudprosjekt. Kva me vil satse på blir sett i samheng med bygdemobiliseringa sine målsettingar.

Det er tusenvis av ting ein kan gjera, men det bur ikkje tusenvis av folk her. Difor må me velje ut noko, og då må det vera noko folk kan tenkje seg å bruka fritida si på. Er me heldige, klarar me å setje i gang prosessar som vil kunne vidareførast også etter at prosjektperioden er over. Vanlegvis brukar ein eit forprosjekt på å finne ut om det er grunnlag for å gjennomføre eit hovudprosjekt. Sidan kommunen alt har løyvd lønsmidlar til ein prosjektkoordinatør i 3 år, er det grunn til å tru at det vert eit hovudprosjekt. Det finst ikkje tiltaks- eller driftsmidlar i prosjektet enno, så dette er noko me må søke om. Slike søknadsprosessar er tidkrevjande, og prosjektet la inn sin fyrste søknad om pengestøtte til Kommunal-og regionaldepartementet denne våren. Me fekk diverre nett avslag på denne søknaden. Inntil vidare må me difor senke ambisjonsnivået noko. Me kan få til trivelege ting ilag, som ikkje kostar pengar, og så får me ta ei evaluering etter sommaren om kva me gjer med situasjonen. No vert det fyrst litt sommarferie etter ein travel og utfordrande vår.

PROSJEKTKOORDINATOR

Kommunen har altså løyvd lønsmidlar til ein prosjektkoordinatør i 70% stilling over 3 år. Det som er att av denne løyvinga går til å lønne Vinje Rekneskapskontor som køyrer løn og fører rekneskap, og til revisjon. Styret i Liv i Vinje er arbeidsgjevar. Prosjektkoordinatøren sine oppgåver er å koordinere og ha oversikt med det heile. Ho skal hjelpe oss med søknadar for å få tak i pengar til drift og tiltak, ho skal føre dialog med kommune, fylke, departement og andre instansar me kan få støtte frå, og ho skal igjen rapportere til desse. Ho skal sjå samanhengar og prøve å kople ulike ressursar, slik at den innsatsen me gjer vert mest mogleg fruktbar. Å skape nettverk og å representere oss på mange nivå er ein viktig del av jobben hennar. Mykje av

tida går altså med til å kommunisere og å informere. Det kan aldri bli nok informasjon. Dette er ei evig utfordring! Difor håpar me du spør dersom du lurar på noko. Skriv eller ring til Silje på silje@livivinje.no, tlf: 95 81 61 18. Etter sommarferien skal ho sitje på bui i Bøgrend av og til. Då kan de stikke innom der og slå av ein prat dersom de ser ein liten raud toyota utanfor.

INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON

Liv i Vinje har ei ganske ny heimeside, www.livivinje.no, som treng å fyllast opp med informasjon. Dette er tek mykje tid, men på sikt hadde det vore fint dersom dei som lurar på kva som finst i Vinje skulekrins kan finne svaret på denne sida. Det kan vera målet, så får me sjå kor langt me kjem. Har du interesse av å jobbe med slikt, ta kontakt, for me kan trenge hjelp til dette! **Sida er open for alle som ynskjer å melde om eit arrangement eller anna som kan vera av interesse for fleire.**

Me lurar på å lage ei oversikt over verksemder i krinsen, store eller små. Om du så putlar litt heime for deg sjølv og lagar ting til sals, eller om det er ei større verksemd som er din daglege jobb.

Dei som ynskjer å få plass på heimesida kan ta kontakt, så lagar me ein liten presentasjon saman. Det kan vera snakk om eit bilete, nokre linjer om verksemda, kontaktinformasjon og link til eiga heimeside for dei som har det.

Liv i Vinje er også på Facebook og Twitter. Du finn oss om du søker på Liv i Vinje. Facebooksida vår har per dags dato 385 tilhengarar. Elles skal det ut eit **brev til alle som er fødd frå 1970-1985** og som har gått på Vinje skule. Dei vil få litt informasjon om prosjektet, slik at dei får høve til å fylgje med på kva som skjer, dersom dei ynskjer det. Kanskje nokon av dei lurar på å ta turen heimover? Ein veit aldri. I tillegg til heimeside, Facebook og Twitter vil me nytte VTB, oppslag, bygdebrev, bygdemøte og huving på måndagsmiddagar for å få ut informasjon til dykk. Me huvar så godt me kan!

SJØLV OM ME ER I EIT FORPROSJEKT ER DET EIN DEL TILTAK SOM ALT ER I GANG:

Måndagsmiddag

Kvar måndag er det middag på Vinjar for alle som vil. Her møtest jamleg 60-80 personar frå 0-90 år. Dette er i dag den største faste fritidsmøteplassen i heile kommunen! 7 dugnadslag på 3 personar kvar ruller på å ha ansvar for middagslaginga. Den fyrste middagen var i mars 2009. Dersom du enno ikkje har teke turen hit, håpar me du vil gjera det snart. Det er ein kjempehyggeleg møteplass, med god og rimeleg mat. Har du lyst til å vera med og hjelpe til, så sei ifrå! No er det sommarfri og Vinjeutstilling, men til hausten set me i gang att.

Song- og dans på Vinje oppvekstsenter

Som ein del av bygdemobiliseringa tok nokre lokale krefter med seg ungane på Vinje Oppvekstsenter og øvde inn litt underhaldning til 17.mai-programmet i år. Ungane var kjempeflinke! Me håpar me får sjå meir til desse talenta framover.

Songgruppe

Ei songgruppe for ungdom er i gang! -frå 4.klasse og oppover. Dei har som regel øvingar frå 1730-1830 på torsdagar i prestegarden. Målet er at ungdommane skal få synge den musikken DEI ynskjer å synge.

Songgruppa ynskjer fleire medlemmar og gjerne nokre gitar! Ta kontakt med Robertas Lamsodis, Sonja Sandvik, Signe Bråstøyl eller Anne Ringhus. No er det sommarfri, men dei startar oppatt til hausten. Følg med på plakatur og på heimesida.

Felles jonsokfeiring på Sandnes

Grendelaga i krinsen arrangerte ei flott jonsokfeiring ved u-tunnelen ved Vinjevatn i år òg. Der var strålende sol, storgrill, nydeleg songinnslag av ungdomssonggruppa, is til 5 kroner, leikar med gøtteripremiar, stort fint bål og mange trivelege folk! Stor takk til grendelaga for innsatsen!

Den fyste enternasjonale Paafonndajen

Den fyste enternasjonale Paafonndajen vart arrangert på palmesundag. Paafonndajen er m.a. ei markering av AO Vinje sin fødselsdag. I år vart Paafonndajen lagt til det tradisjonsrike ViBø-rennet, eit ski- og hopprenn, som har vore arrangert kvar palmesundag i mange år. Det var eit særers vellukka arrangement, som me ynskjer å halde fram med i komande år.

Songtevlning & Fotokonkurransen

Som de ser har me lyst ut 2 tevlingar denne våren. Stikkorda for desse to konkurransane er inkludering, engasjement, entusiasme, glede, identitet og samhold. Me håpar mange vil delta i desse tevlningane!



Jonsok-feiring ved Vinjevatn



ULIKE ARBEIDSGRUPPER ELLER DELPROSJEKT

Me har kome litt i gang her, men me må prøve oss fram i løpet av forprosjektet, og sjå kva det er grunnlag for å satse vidare på.

Bustadgruppa

Bustadgruppa er den arbeidsgruppa som verkeleg har kome i gang med arbeidet sitt så langt. Dei har gjort ein kjempeinnsats for å kartleggje alle tome hus i krinsen og finne ut kva statusen er på dei. Før sommaren går det ut eit brev til eigarar av tome hus, med oppmoding om å vurdere utleige eller sal. Dersom me i hovudprosjektet skal ha eit mål om å lokke fleire til bygd, må me ha litt oversikt over bustadsituasjonen. Me håpar at folk vil skjønne at tome hus i ei bygd ikkje berre gjeld dei som eig dei, men i stor grad også dei som bur fast i bygd. Det er dei fastbuande som skaper miljøet og det levande lokalsamfunnet som dei deltidsbusette og turistane ynskjer å oppleve når dei er inno i feriane. Ei bygd under avvikling er ikkje ein attraktiv feriestad. Bustadgruppa vil også jobbe med tomteproblematikk og har sendt eit innspel i samband med rulleringa av kommuneplanens arealdel våren 2010. Gruppa ynskjer å fungere som ein slags sentral for alle som har spørsmål eller informasjon knytt til bustadalternativ i krinsen. Om det gjeld utleige, sal eller tomter: Ta kontakt!

Utan å ha undersøkt systematisk, veit me i skrivande stund om fleire unge familiar som ynskjer å kjøpe småbruk i krinsen, både folk som alt bur her og utflutt ungdom som vurderer å flytte heimatt. Å få ljøs i fleire glas er eit mål og eit viktig ledd i ei god lokal utvikling.

Stadnamngruppe

Ein liten gjeng som ynskjer å jobbe med registrering av lokale stadnamn er så vidt i gang, men dei ynskjer seg fleire medlemmar frå heile krinsen. Sei ifrå om du er interessert! Kanskje kan me få mobilisert ei gruppe som

jobbar vidare med rydding av turstiar i samarbeid med stadnamngjengen også? Det vert jobba med saka og me bed alle interesserte om å melde seg!

Velkomst- og integreringsgruppe

Dersom det kjem nye innbyggjarar til krinsen, treng me ei gruppe som tek seg litt ekstra av desse i starten. Dei skal dra på velkomstbesøk og hjelpe til med å synleggjera moglegheiter for aktivitetar og nettverk som kan vera interessante for dei nye innbyggjarane. Medlemmar i styret har gjennomført 4 velkomstvisittar sidan bygdemobiliseringa starta. Den nye arbeidsgruppa har nett hatt sitt fyrste møte og håpar på å få til vitjing nr. 5 og 6 i løpet av sommarsesongen. Gruppa er avhengig av jungeltelegrafan for å få vita om nye folk som flyttar til, så ver snille og meld ifrå dersom de veit om nokon som har kome eller kjem flyttande hit!

Næring/ Bulyst 2010

Liv i Vinje søkte som sagt om Bulystmidlar frå Kommunal- og regionaldepartementet i vår. Dette er eit pilotprogram og i søknaden valde me å fokusere på eit delprosjekt/forprosjekt som gjekk på næringsetablering og heimattflytting. Me ynskjer å undersøke høva for å få til eit arbeidsfellesskap; eit felleskontor og/eller fellesverkstad. Dette vart knytt til det nyleg avslutta Innovasjon Norge-programmet FRAM Ung Kultur (Lønnsom forretningsutvikling for unge kulturentreprenører), som 12 unge frå Vinje har vore med i. Saman med næringskontoret i kommunen ville me prøve å undersøke kva som skal til for at nokre av desse flyttar verksemdene sine heim. I samband med noko slikt vil det vera viktig å koma i dialog med dei som alt driv verksemdar i området og som kanskje kan tenkje seg eit større felleskap og eit samarbeid av denne typen. Me ynskjer også å undersøke høva for å etablere ein gründerpris og eit kunst- og kulturstipend i Vinje kommune. No fekk me diverre ikkje stønad til dette forprosjektet frå KRD. Kan hende kan me få litt rettleiing og hjelp frå kommunen og fylket etter sommaren. Det er ikkje sikkert me skal gje opp heilt enno. Ta kontakt om du har idear!

Vil du vera med i teater/revygruppe?

”Me ynskjer å starte opp med ei teater/revygruppe til hausten, då dette har vore eit sakn hjå mange over lang tid. Me treng skodespelarar, instruktør, nokon til å lage kulisser og kostymer, og musikarar. Er dette noko for deg så kom og bli med! Det vert allmøte på Vinjar mandag 23. august kl 17.30 rett etter måndagsmiddagen. Ta gjerne kontakt med ein av oss: Aasmund, Sonja, Knut Erik eller Signe. Følg med på Liv i Vinje sine nettsider. Helsing idégruppa ved Signe Bråstøyl.”

Ettersom forprosjektet Liv i Vinje rullar fram, vil me vera vakne for om me bør endre på arbeidsgrupper, eller om me bør opprette nye.